

## Referat FAU-møte 14.juni 2016 (etter sommerfesten)

**Tilstade på møtet:** Bodil Kaland 2.kl, Kristin Tredal neste års 1.kl, Elin Gaulen 1.kl, Ann Christin Kaland 7.kl, Charlotte Grimstad 5.kl, Erlend Vakt skjold 3.kl. Terje Fyllingsnes 6.kl (vara) og Kristine Lunde 4.kl.

Dette er FAU med vara for skuleåret 2016/2017.

	FAU-representant	Klassekontakt/vara i FAU
1.	Kristin Tredal	Eli Sletten Solsvik
2.	Elin Gaulen	Randi Haukeland
3.	Bodil Kaland	
4.	Erlend Vakt skjold	Vidar Gjerstad
5.	Kristine Lunde	Tore Gjerstad
6.	Charlotte Grimstad	Janne Rabben
7.	Trygve Kvalvåg	Terje Fyllingsnes

### 13/16 – Konstituering av nytt FAU.

Leiar: Erlend Vakt skjold

Nestleiar: Bodil Kaland

Skrivar: Kristine Lunde

Kasserer: Kristin Tredal

Styremedlem: Charlotte Grimstad, Trygve Kvalvåg og Elin Gaulen.

### 14/16 – Sommerfest 14.juni 2016. Evaluering:

- **Kiosk:** Det vart for lite kaffikoppar og serviettar. 5 pk pølser var til overs. Klage på dyr kaffi frå nokre få foreldre/besteforeldre. Kaffien var satt til 20kr fordi vaksne har meir pengar og det er ein enkel måte å tene litt pengar på, som ikkje går utover barna. Safta kosta 10 kr med gratis påfyll. Mykje kaker. Det var svært varmt og derfor gjekk det lite kaker og pølser, og masse saft. Det var ei flaske for lite saft, vi hadde 3 stk. av 2liter, burde hatt 4. Vi blanda saft i stor panne med krane frå ungdomshuset. Det var lurt i varmen. Kiosken var under tak ved sløyden. Dette fungerte bra.
- Det vart litt uklart før denne festen ifht om søsken og/eller besteforeldre skulle få komma. Det kan avklarast betre før neste fest, evt. dela i 1.-3.kl og 4.-7.kl. pga. plassmangel.
- Positivt med underskrift av «Plan mot mobbing» og utdeling av t-skjorter.
- Flott underhaldning med song frå elevane.
- Overskot på sommerfesten vart ca. 4000kr.
- Forslag om presentasjon av nye elever på neste sommerfest.
- Vellykka med fotballturnering og strålande sol.

**15/16 – 7.klasse sin avslutningsfest.**

Erfaringer frå i år. Kostbart med kjøpepizza. 7.klasseforeldra arrangerte sjølve i år. Forslag til ny ordning, der 6.klasseforeldra arrangerer avslutningsfest for 7.klasse med foreldre og personale. Dette fungerer fint på andre skular.

**16/16 – anna:**

- a) Foreldremøter i løpet av året. FAU ønskjer fleire foreldremøter i løpet av året, gjerne tre stk. Eksempelvis eit i september, eit i januar og eit i april. FAU kan gjerne komma med innspel til tema og saker til foreldremøta.
- b) Økonomi – vi har omlag 11 000 kr på konto etter sommerfesten.
- c) Leikehytta skal få tak i løpet av sommerferien. Deretter trengs det litt dugnadsinnsats på maling.

Nytt FAU - møte blir torsdag 8.september 18.00 – 20.00.

Referent Kristine Lunde.

Hundvin 14.juni 2016